

Karmøy kommune
Pb. 167

4291 Kopervik

Dykkar ref.:
20/5453
Dato: **10.07.2023**
Saksnr.: **2023/39624**
Dok.nr.: **8**
Saksbehandlar:
Angunn Skeiseid

Karmøy kommune - gnr 124 bnr 9 - dispensasjon - nybygg sodalutfabrikk - søknad – mellombels uttale -forhold til kulturminne – kulturmiljøet på Avaldsnes

Fylkesdirektøren viser til søknad om oppføring av nytt sodalutanlegg på gnr 124 bnr 9 i Karmøy kommune.

Fylkesdirektøren, ved seksjon for kulturarv, har vurdert søknaden som sektormyndigheit innanfor kulturminnevern og då særskilt med tanke på verknaden tiltaket kan få for kulturmiljøområdet på Avaldsnes.

Bakgrunn for saka

Tiltaket gjeld oppføring av nytt sodalutanlegg. Det eksisterande anlegget oppfyller ikkje nye krav, og er ifølge søkar klart for utskifting/fornyng. Omsøkt tiltak består av eitt bygg med prosessutstyr og ein fangdam som inneheld to lagringstankar. Rørleidningar som er kopla til anlegget skal levere og vidareføre substansar.

Det omsøkte tiltaket ligg i nærings-område i den gjeldande kommuneplanen. Eigedommen er regulert – reguleringsplan 543 Vestre Mykje - arealføremålet er industri/lager.

Anlegget er prosjektert over regulert byggehøgde, og kommunen har vurdert at tiltaket er avhengig av dispensasjon frå planbestemming § 24. I gjeldande reguleringsplan skal maks høgde for bygningar innanfor området ikkje overstige 13,5 meter og skal ikkje ligge høgare enn kote 15, jf planføresegn §24. Tankane og absorpsjonskolonnene som no er omsøkt har ein topp kotehøgde på 25,74 meter.

Vår vurdering

Det regulerte næringsområdet ligg på austsida av Karmsundet, tvers ovanfor det nasjonalt, regionalt og lokalt viktige og verdifulle kulturmiljøet på Avaldsnes, på vestsida av Karmsundet. Tiltaka som no er omsøkte ligg i eit område som er sett av til industri i gjeldande reguleringsplan og næring i kommuneplanen, tvers ovanfor Avaldsnes, på austsida av Karmsundet.

Søkar påpeiker at omsøkte tiltak er naudsynte for vidare drift.

Det er med andre ord fleire omsyn som må vurderast opp mot kvarandre og i samanheng.

For kulturminnemyndigheita er det viktig å ta vare på kulturmiljøområdet på Avaldsnes, og dette betyr at ein også må ta omsyn til *omgjevnadene* til dette området. Avaldsnes er i dag omkransa av industri område både i nord (Bøvågen), aust (Vormedal) og sør (Stutøy). Og dette er etablerte område som er regulerte og er berettiga si verksemd.

I søknaden som er sendt inn nå, står det ingenting om avbøtande tiltak og om verknader tiltaket kan få for kulturmiljøområdet på Avaldsnes. Fylkesdirektøren meiner dette må belysast på betre måte – då med visualiseringar av omsøkt tiltak med dei nye høgdena på tankane, samt ei utgreiing om avbøtande tiltak for å dempe verknaden nye, høge tankar vil kunne få for Avaldsnes-området.

Fylkesdirektøren vil i den samanhengen vise til arbeidet med reguleringsplan for Stutøy, der det kom krav om etablering av ein grønn jordvoll/vegetasjonsskjerm heilt nord i planområdet, for å dempe dei visuelle verknadene industribygningane kunne ha for Avaldsnes. Fylkesdirektøren si vurdering er at dette var eit godt grep og som verkar godt etter intensjonen.

Sitkagraner

I 2018 søkte Karmøy kommune v/ skogbruksansvarleg, om å få fjerne sitkagranene som står på Bukkøy (dykkar sak 12/115-50) og søknaden vart behandla som ei dispensasjon frå kulturminneloven §8, 1. ledd. Søknaden vart innvilga, men det står også i vedtaket at dette måtte gjerast innan 3 år, elles måtte det søkast om på ny.

Pr i dag står sitkagranene på Bukkøy framleis og dei er idag med på å skjerme kulturmiljøet frå t.d det aktuelle næringsområdet på Vormedal. Fylkesdirektøren meiner at kommunen må ta ei ny vurdering av om desse faktisk skal bli ståande, for å danne ein vegetasjonsskjerm

På generelt grunnlag meiner vi at sitkagraner bør fjernast då dei ikkje høyrer naturleg heime på staden, men i dette tilfellet meiner vi dei no bør bli ståande nettopp for å danne ein grønn skjerm mellom industri og kulturmiljøområde.

Reguleringsplan

Tiltaket er søkt utført i eit område som er sett av til industri i gjeldande reguleringsplan, og til næring i kommuneplan. Fylkesdirektøren forstår det slik at Karmøy kommune vurderer å utarbeide ein ny reguleringsplan for området. Dette vurderer vi som positivt og er eit passande høve til å – på ein heilskapleg, føreseieleg måte - tilrettelegge for bedriftene på Vormedal samstundes som ein ser og har eit fokus på verknadene tiltak på området kan ha for Avaldsnes og korleis ein eventuelt skal/kan bøte på dei.

Dispensasjonar frå sentrale føresegner - til dømes maks høgde – kan utan vidare ha store negative verknader for området på Avaldsnes. Vi vil tilrå at Karmøy kommune lagar ein ny reguleringsplan for området, der ein også ser området og tiltak her, opp mot kulturmiljøet på Avaldsnes.

Fylkesdirektøren vil minne om at kommunen ikkje kan godkjenne søknaden/fatte vedtak før det er gjort ei vurdering av – og føreslått - avbøtande tiltak, då vi som kulturminnemyndigheit meiner at tiltaket slik det ligg føre nå, kan føre til utilbørleg skjemming av kulturvernområdet på Avaldsnes, jf. kulturminneloven §§ 3 og 8.

Fylkesdirektøren avventar vidare dialog i saka.

Helsing

Jan G. Auestad
fylkeskonservator

Angunn Skeiseid
spesialrådgjevar

Kopi til:
Statsforvaltaren i Rogaland

Dette dokumentet er godkjent elektronisk. Ver vennleg å oppgje vårt saksnr når du svarar på brevet.